

Til Nasjonalbiblioteket

Frå Levanger bibliotek

## Rapport for prosjekt 2016/154, Sats på kulturfondbøker.

I 2016 fekk Levanger bibliotek støtte til prosjekt nr. 2016/154, Sats på kulturfondbøker.

Målet med prosjektet var å fremje bruken av, og debatten om, bøker som blir kjøpte inn til biblioteket gjennom Kulturfondet. Prosjektet var sett saman av tre hovuddelar: den digitale, den fysiske og møtet. Kulturfondbøkene for vaksne skulle altså formidlast gjennom tre kanalar, med mål om at utlånet av nyare norsk skjønnlitteratur skulle auke.

Kort oppsummert: alle tre delane av søknaden vart gjennomført. Utlånet av kulturfondbøker for vaksne i perioden 2016-2019 er slik:

År	Utlån k-fond	% av utlån vaksne
2016:	2069	11,8 %
2017:	2208	12,3 %
2018:	2580	15,9 %
2019:	3317	19,4 %

Det er vanskeleg å vita nøyaktig kva tiltak som har ført til denne pene auken i utlånet av kulturfondbøker for vaksne, men av tiltaka vi skreiv om i søknaden, er det den digitale delen som har vore prioritert etter at perioden var ferdig.

### Digitalt

Prosjektet var ein viktig pådrivar for at Biblioteksentralen (BS) betra formidlinga av kulturfondbøker, og for at Bibliotek-Systemer (biblioteksystemleverandøren) gjorde det mogleg å få statistikk for kulturfond i utlånsstatistikken. Levanger bibliotek var ein av dei fremste pådrivarane for at BS starta med såkalla «førehandspostar». Det vil seie at når bøkene blir påmeldt i dei automatiske innkjøpsordningane eller innkjøpt i dei selektive ordningane, sender BS ut katalogpostane til biblioteka som abonnerer på katalogdata. Dermed kan lånarane på eit tidleg tidspunkt starte å reservere/bestille bøkene. Dette er eit varig resultat av prosjektet.

Når bokpakkane med kulturfondbøker kom til biblioteket, marknadsførte vi dette med å poste på Instagram og Facebook. I websøket for publikum prioriterer vi framleis å lage lister med grunnlag i kulturfondpostane. No har vi t.d. ei liste med årets debutantar: <https://levanger.bib.no/cgi-bin/m2?mode=vt&visliste=981549106>.

### Fysisk

For å få eit meir fengande namn på prosjektet til dagleg valde vi prosjektnamnet «Nytt på norsk». Dette vart brukt både til å lage utstillingar og som samlenamn på arrangementa. Nye kulturfondbøker vart plassert på ei eiga utstilling med overskrifta «Nytt på norsk».

## Møtet

Ein viktig del av prosjektet var å ha arrangement i biblioteket med aktuelle forfattarar. Utvalet av forfattarar skjedde i samarbeid med Ingrid Storholmen, som var leigd inn som bokbadar. Vi hadde arrangement med desse forfattarane:

2.5.2016:	Stein Versto	15 stk
13.10.2016:	Lene Therese Teigen	15 stk
24.11.2016:	Per Helge Genberg og Ane Sivertsen Landfald	30 stk
9.2.2017:	Tiril Broch Aakre og Gunhild Øyehaug	15 stk
6.6.2017:	Monica Isakstuen	50 stk

**Til saman:** **125 stk**

Det var ein fin variasjon i kor kjende dei utvalde forfattarane var. Ingrid Storholmen leia alle kveldane, og gjorde ein flott jobb med å tilgjengeleggjera forfattarane.

I tillegg til desse fysiske møta med aktuelle forfattarar, var kulturfondbøker prioritert i den vekentlege «lunsjbokpraten» vi har ved Levanger bibliotek.

## Økonomi

I søknaden skulle fylkesbiblioteket stille med midlar/eigeninnsats. Det synter seg at det var vanskeleg å få til eigeninnsats frå dei. Vi fekk støtte frå Kulturfondet med tanke på arrangementa.

### Inntekter:

Kulturrådet	kr 60.000 (kr 48.000 utbetalt)
Nasjonalbiblioteket	kr 30.000
Eigendel Levanger bibliotek	kr 79.678 (kr 91.678 om dei siste 12.000 ikkje blir utbetalt)

**Til saman:** **kr 169.678**

### Utgifter:

Honorar til forfattarar og bokbadar:	kr 70.452 (inkl. reiseutgifter gjennom Forfattarsentrums)
Reisekostnader:	kr 8.575 (i tillegg til Forfattarsentrums)
Marknadsføring:	kr 20.425
Anna:	kr 226
Administrasjon Levanger bibliotek:	kr 70.000

**Til saman:** **kr 169.678**

## Mvh

**Levanger bibliotek**

**Vidar Lund**